

Teknisk-administrativ

TEKST I GRØNT – kan redigerast

TEKST I SVART – standardtekst

Ei stilling som senterleiar (SKO 1475) er ledig ved Senter for Ibsen-studium

Tilsetjinga skjer på åremål for fire år med moglegheit for forlenging i inntil ytterlegare fire år.

Senter for Ibsen-studium er eit tverrfagleg forskings- og dokumentasjonssenter som har som føremål å styrke Ibsen-forskinga nasjonalt og internasjonalt og formidle forskingsbasert kunnskap om Henrik Ibsen og hans verk. For tida har senteret tre faste vitenskaplege heiltidsstillingar, to professor II-stillingar og ei bibliotekarstilling. Det er for tida knytte fem stipendiatar til senteret, og i løpet av året har senteret besøk av ei rekke gjesteforskarar for kortare eller lengre opphald. Senteret deler administrasjon med, og er underlagt, Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Det humanistiske fakultet. Det er utnemnt eit råd for senteret som er rådgivande for senterleiar i faglege og strategiske spørsmål. Se <http://www.hf.uio.no/is/>

Senterleiaren er senterets øvste leiar, rapporterer til instituttleiar og leiar senterets verksemd innanfor rammer og planer sett av fakultets- og instituttstyre.

Ansvarsområda omfattar leiing av forskning, undervisning og formidling. Stillingshavar har vidare ansvar for personalleiing av senterets vitenskaplege tilsette og bibliotekar, og ansvaret for økonomistyring og helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid. Det er senterleiar's ansvar å sjå til at dei organisatoriske forholda ligg best mogleg til rette for aktivitetane ved senteret.

I tillegg vil senterleiar ha viktige oppgåver innanfor undervisning og rettleiing av masterstudentar og stipendiatar ved senteret, og som førelesar og føredragshaldar ved ulike arrangement. Det er høve til eiga forskning.

Arbeidsoppgåvene vert delte likt mellom leiing og forskning, undervisning og formidling.

Kvalifikasjonskrav:

- har førstestillingskompetanse innanfor fagfelt ved senteret (litteratur, teater, historie, kulturstudium, språk eller kombinasjonar av desse).
- gode eigenskapar innan personalleiing
- gode kommunikasjonseigenskapar
- erfaring med økonomistyring
- språkleg kompetanse til å undervise på engelsk
- pedagogisk kompetanse og undervisningserfaring
- personleg høvelegheit og motivasjon for stillinga

Ved vurdering av søkjarane vil det bli lagt vekt på:

- arbeidet med Ibsens verk og deira betydning
- leiarerfaring innanfor personalleiing/forskningsleiing/undervisningsleiing
- gode samarbeidsevner
- dokumenterte resultat frå etablering og utvikling av forskings- og formidlingsnettverk

Den som blir tilsett i stillinga, må beherske norsk eller eit anna skandinavisk språk

Vi tilbyr

- Lønstrinn xx - Xx (x – x kr per år, avhengig av ansiennitet og kompetanse) for stilling som senterleiar
- eit hyggeleg og stimulerande arbeidsmiljø
- god pensjonsordning i Statens Pensjonskasse
- stilling i ei IA-verksemd, [gode velferdsordningar](#) og høve til trening i arbeidstida

Til informasjon skal følgjande dokument sendast ved den elektroniske søknaden, helst i pdf-format:

- søknadsbrev
- CV
- refleksjonsnotat på 1-2 sider om senterets utviklingsmøgelegheit innanfor gjeldande rammer i leiarperioden og korleis du kan bidra til dette (menneskelege ressursar, økonomi og det faglege)

Vitnemål og attestar vil eventuelt etterspørjast seinare. Søknad med vedlegg må sendast inn via vårt elektroniske rekrutteringssystem, ver venleg klikk "søk stillinga".

Aktuelle søkjarar vil bli innkalla til intervju.

Andre opplysningar

Etter offentleglova § 25 andre ledd kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli ført opp på søkjarlista.

Vi viser òg til [regelverk for teknisk-administrativt tilsette](#).

UiO har ein [overtakingsavtale](#) for alle tilsette med formål å sikre rettane til forskingsresultat m.m.

UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.